

Statnett
firmapost@statnett.no
torkild.bardsgjerde@statnett.no

Dykkar ref.: Torkild Bardsgjerde
Vår ref.:

11.04.2025

INNSPEL TIL STATNETT SI HØYRING: NY TARIFFMODELL

Vi viser til Statnett sitt høyringsnotat av 13. februar 2025.

Statnett har delt forslaga i høyringa i to kategoriar, 3 stk forslag som kan innførast frå 2026 og 7 stk forslag som eventuelt ligg lengre fram i tid.

1. Splitting av dagens fastledd for forbruk i to, eit kapasitetsledd og eitt residual-ledd.

Hovudhensikt med kapasitetsleddet er å gje kundane i nettet incentiv til å redusere eigen makslast for gjennom det å redusere eller utsette behov for investering i transmisjonsnettet.

Kapasitetsleddet er tenkt helde utanfor samlokaliseringsrabatt, slik at rabatten for stasjonar med produksjon og forbruk i same punkt blir svekka i høve dagens tariffmodell.

Statnett sitt syn er at kapasitetsleddet vil vere ei forenkling i høve dagens tariffing, då kapasitetsleddet er meir likt fastledd i lågare nettnivå.

Linja har forståing for Statnett sitt ønske om å redusere makslast frå forbruk i alle årets timar, ikkje berre i dagens topplasttimer. Vi ser enkelte utfordringar med den foreslegne løysinga:

- Det er uklart om Statnett sitt signal blir vidareført ned i det regionale distribusjonsnett. Om dette ikkje er tilfelle er det berre forbrukskundar direkte tilknytt transmisjonsnettet som ser signalet i tariffen, og som kan agere ut frå dette. Nyttan av innføring av nytt signal vil då bli avgrensa.
- Kapasitetsleddet svekker samlokaliseringsrabatten i høve dagens tariffordning. Grunngeving for samlokaliseringsrabatten har vore at samlokalisering reduserer behov for nett, og bidrar til reduserte nettkostnader. Statnett stiller spørsmål ved om det framleis er slik, men vi meiner grunngeving for dette er tynn, og ikkje dokumentert. Vi meiner dette må utgreiast grundig før det kan vere aktuelt å endre dagens k-faktormodell.
- Vi ser det som problematisk at topplast er foreslege avrekna i alle punkt sine separate maksimaltimar for utveksling. Dette vil føre til at omkopling i nettet grunna endra driftsbilete, feilsituasjon eller anna grunn gir «dobbelfakturering» av forbruk, då det same forbruket vil være med i fleire utvekslingspunkt. Transitt i nettet vil gje ein ytterlegare feilkjelde.
- Linja støttar Fornybar Norge sitt syn om at praksis for innmatingstariffen i regionalnett må endrast slik at inntektene blir att der nettkostnadane primært er. Kraftproduksjon er eit nasjonalt gode. Det er urimeleg at lokale forbrukskundar som tilfeldigvis ligg i

nærleiken av kraftproduksjon i regionalnettet aleine må finansiere kraftproduksjonen sine lokale nettkostnader.

- K-faktor i transmisjonsnettet er grunngeve med at transmisjonsnettet har lågare kostnader samla sett mot nettpunkt i relativ balanse. Denne grunngevinga vil ikkje endre seg om inntekt frå faste ledd i regionalt distribusjonsnett går til å dekke delar av kostnadane kraftproduksjon gjev i dette nettet. Vi meiner ikkje det er naturleg å sjå k-faktorjustering i samheng med fastledd for produksjon i regionalnett. Dagens k-faktormodellen står seg, og er uavhengig av praksis for innmatingstariff i regionalt distribusjonsnett.
- Statnett bør lage og legge fram eit berekningsunderlag som viser fordelingsverknad av forslaget om splitting av dagens fastledd.

2. Krav om deltaking i spot- og reservemarknad for kundar med industritariff

- Linja støttar arbeidet med å få ut meir fleksibilitet frå forbruk, og større industrikundar vil kunne gje viktige bidrag til dette.
- Høyringa er lite konkret på kva krav Statnett ser for seg skal leggst på industrien for å få del i industritariff. Det er difor vanskeleg å vurdere i kva nytte nettet kan få frå forslaget. Vår oppfatning frå våre industrikundar er at og dei er usikre på i kva grad dei kan oppfylle Statnett sine forventningar og krav.

3. Økt bidrag frå balanseansvarlege aktørar

- Linja meiner det er rimeleg at kostandane ved ubalanse i større grad dekkast av dei som er bakgrunn for ubalansar. Dette aukar incentiv for å halde balanse.

4. Revisjon av energileddet

- Linja støttar Statnett sitt syn om at dagens berekningsmodell for energiledd har uheldige utslag, og er moden for vurdering.
- Vi støttar opp om Statnett og Fornybar Norge sine arbeidsgrupper for utredning av alternativ berekningsmetodikk.

5. Reservasjonstariff

- Vi støtter Statnetts syn om at det er viktig å skilje ut urealistiske prosjekt frå kapasitetskøen så tidleg som mogleg. Reservasjonstariff kan vere eit verktøy for å oppnå dette.
- Linja støttar opp om Fornybar Norge sitt syn om at det er fleire forhold som i sum vil redusere mengda av urealistisk/ubrukt effekt i kapasitetskø. Reservasjonstariff som eitt av verktøya må sjåast i samheng med fleire tiltak når innføring av tariffen skal vurderast. Dette kan t.d. gjelde modenheitsvurdering, utredningsgebyr, endring i anleggsbidragsordning.

6. Revisjon av anleggsbidragsregelverket

- Dagens anleggsbidragsregelverk blir oppfatta som komplisert, uforutsigbart og ikkje rettferdig.
- Vi støtter Statnett og Fornybar Norge sitt syn om at det bør innførast eit standardisert anleggsbidrag for alle uavhengig av kapasitet i nettet. Det er da ikkje lengre behov for

10-årsregel og etterberekning av anleggsbidrag. Dette gir forutsigbarhet både for nettselskapet og kunden.

7. Revisjon av topplasttiden

- Statnett ønsker å vurdere endring av avregningsgrunnlag for fastledd. Det nemnes innføring av flere topplast-timar, meir fin-inndeling av lastområder i Norge. Det blir og diskutert å gjere topplast-timane meir forutsigbare ved å varsle på førehand om sannsynlege periodar med topplast-time. Dette for å gje moglegheit for større tilpassing til topplasttime, for gjennom dette å få ned topplast.
- Forslaga må utgreiast meir for å gje grunnlag for å kommentere.

8. Tariffering av reaktiv effekt

- Reaktiv effektflyt i nettet er eit aukande problem både i regionalnett og transmisjonsnett.
- Endra metodikk for tariffering av reaktiv effekt der både innmating og uttak av reaktiv effekt er grunnlag for avrekning kan vere eit treffsikkert verktøy får å få kompensert reaktiv effekt nær der den oppstår.

9. Økt innmatingstariff

- EU sitt tak på storleik av faste ledd på innmatingstariff fører til at kraftproduksjon betalar ein stadig lågare prosentsats av kostnadane i transmisjonsnettet (på alle nettnivå).
- Kraftproduksjon er ein viktig kostnadsdriver i nettet, og kostnadsriktig tariffering skulle tilseie at kraftproduksjon tar sin del av kostnadsauken. Vi meiner det er fornuftig å søke å auke moglegheitsrom for tariffjustering for kraftproduksjon.

Venleg helsing
Linja

Torgrim Øvrebø